



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Svar på spørsmål om å trekke motsegn - Alver - ( Lindås ) - 55/1 2 m fl - Bruvoll - detaljregulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 16.06.21. Saka gjeld revidert planforslag for reguleringsplan for Bruvoll og spørsmål om Statsforvaltaren, Vestland Fylkeskommune og eventuelt Statens Vegvesen no kan trekke motsegn til planen.

Statsforvaltaren hadde motsegn til handtering av universell utforming og støy i planarbeidet. Planen er retta opp med nye føresegn.

Retningslinjene for støy er nyleg revidert, dei har ikkje endra anbefalte grenseverdiar, men har endra namn på tabellen som gjeld for mellom anna bygging av bustad. Føresegna må difor vise til tabell 2 i T1442/2021 og ikkje til tabell 3. Vidare må dei aktuelle støygrensene i tabellen bli tatt inn i og gjort til ein del av dei juridisk bindande føresegnene.

I revidert planforslag er det gjort endringar på plassering av leikeareal. Leikeareal BLK1 er flyttet og det er lagt til eit mindre leikeareal BLK2 og tidlegare BLK2 har no fått namn BLK3. Desse endringane ser ikkje ut til å ha blitt fullt ut innarbeida i planen. Føresegna nemner ikkje BLK3 og støyrapporten har ikkje vurdert støyskjerming på nytt BLK1 som også ligger i gul støysone. Det må gjerast ei støyvurdering som visar at støynivået på dette område på fornuftig vis kan dempast til maksimalt Lden 55dB. Slike tiltak skal gå fram av og løysast i reguleringsplanen.

Ifølge retningslinjer for støy, så skal støyutredningane gje tilstrekkeleg kunnskap om støysituasjonen og synleggjere behovet for tiltak mot støy. Dersom området kan være utsett for støy over grenseverdiane i tabell 2, skal det gjerast ei detaljert utredning. For støy på uteopphaldsareal og leikeplassar skal kart vise støynivå etter utbygging, med og utan avbøtande tiltak. Avbøtande tiltak skal også skildrast.

Støyutredninga skal bidra til å utarbeide konkrete og hensiktsmessige reguleringsføresegn. Føresegnene skal angi støygrenser og kva grenseverdiar og kvalitetskriterier som gjeld. Om det er naudsyn med støyskjerm eller støyvoll skal dette visast i plankartet (jf. T-1442/2021 s 12-13).



Når det no er flyttet på leikeareal, må det også gjerast ei vurdering av om områda er gode areal for leik. Det nye arealet BLK1 har til dømes ei lang og smal form og er inneklemt mellom bustad og veg. Området er også støyutsett. Det må gjerast ei vurdering av om dei nye areala er eigna for leik.

### Konklusjon

Vi kan trekke vårt motsegn til universell utforming, men kan ikkje trekke vårt motsegn til handtering av støy. Vi gjer merksam på at denne uttalen berre gjeld Statsforvaltaren sine motsegn til reguleringsplanen. Statens vegvesen/Vestland fylkeskommunen svarar på motsegn frå Statens vegvesen.

Med helsing

Svein Kornerud  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER